

Byggjestar for SPAR om få dagar

29.10.2011



Slik blir SPAR sett frå eit punkt over Sandavegen og sett mot Stølavikjo.

**Utvindinga av SPAR tek til i starten på november og det betyr at prosjektet kjem i gang om få dagar.**

**Førebel, med dei vanlege**

etterhald, trur dagleg leiar Bente Nilsen at den nye delen av butikken vil bli teken i bruk i mai. Det er to Uskedalsfirma som skal stå for utbyggjinga: Musland Maskin har grunnarbeidet og Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) reisninga av tilbygget som blir liggjande langs Sandavegen i retning av fylkesvegen.

Dagleg leiar er glad for at det var lokale firma som hadde dei beste tilbod og som difor vart valde til dei 2 største oppdragene

- Vi var veldig spente i anbudsrunden, men var svært tilfredse med utfallet, seier Bente.

For få dagar sidan vart det siste formelle vedtaket rydda på plass. Det var igangsetningsløyvet frå kommunen etterat rammeløyve vart gjeve i september. Leiinga har tidlegare sagt at dei ville vera nøgde hvis dei vart byggjestar i haust.

Det heiter i løyvet at Nilsen Eigedom får reisa eit tilbygg på 310 kvadratmeter. Tilbygget blir i ei høgd og det blir ikkje bustader oppå butikklokalna.

Løyvet gjeld heile prosjektet unntake teknisk anlegg/ventilasjonsfaget som blir omsøkt seinare. Arbeidet kan igangsetjast straks, går det fram av løyvet.

Parkering og adkomst er viktig og for å betre trafikkbiletet blir vegen inn frå fylkesvegen utvida med 2 meter av kommunen sin grunn. Det vesentlege av parkeringa vil skje mellom kommunen sin grunn og tilbygget.

Av Ola Matti Mathisen



Utbyggingsområdet sett frå Gamleskulen (Foto: Ola Matti Mathisen)